

# REISERÅD RUSSLAND

## Visum

Alle norske statsborgarar som skal reise til Russland må søkje om visum før innreise til Russland. Sjå eige punkt om visum under Nyttig informasjon på våre internettssider.

## Toll

Ved innreise til Russland må ein fylle ut eit migrasjonskort. Det er ikkje nødvendig å fylle ut toll- og valutadeklarasjon før ankomst eller avreise viss ein ikkje vil innføre narkotiske stoff, meir enn 1 million euro eller våpen. Dette gjeld også når ein får toll- og valutadeklarasjonsskjema av kabintilsette på flyet. Dersom ein ikkje har noko å fortolle tek ein bagasjen med seg og går gjennom den grøne korridoren. Dersom ein har med seg verdfulle ting, anbefalar vi å deklarere desse og få toll- og valutadeklarasjonsskjemaet stempla. I dette tilfellet må ein gå gjennom den raude korridoren for varer til fortolling. Ein kan ha med seg inntil 10.000 USD i kontantar utan å deklarere det.

## Pengar og pass

Russlands nasjonale valuta heiter rubel (RUR). 1 rubel vert oppdelt i 100 kopek. Ved uttak i minibankar får du pengesetlar i valørane 50, 100, 500, 1000 og 5000 rublar. Det finst myntar på 1, 2, 5 og 10 rubler og 1, 5, 10 og 50 kopek. Offisielt er det forbudt å betala med utanlandsk valuta, men Euro er ofte gangbar valuta. Det vert anbefalt å ha med seg småmyntar fordi selgjarar kan være tomme for vekslepengar. Ikkje alle utesader aksepterer kredittkort, så ein bør ha med kontantar. Minibankar er plassert på gater og inne i mange hotell, og det er uproblematisk å ta ut i pengar i minibank. Ein kan godt varsle banken om at ein skal reise til Russland slik at banken kan følgje med på uautoriserte uttak fra kontoen, eller dersom ein mister eller blir fråstolen bankkortet. Maksimal grense for uttak er 7000-15000 rubler.

Passet må takast med til dei anledningane som er oppgjeve i detaljprogrammet.

## Tips

I Russland er tips vanligvis ikkje inkludert i rekninga, slik det er vanleg i mange andre land. Eksempel på kor mykje ein bør gje i tips:

- **Restaurantar:** det vert forventa at ein gjev tips til kelneren på ca. 10 % av det totale rekningsbeløpet. Men størrelsen på tipsen avhenge av kvaliteten på betjeninga og type utesstad; pikkolo for levering av bagasje – 2 – 3 EUR, administrator eller portier for bordbestilling på restaurant, bestilling av teaterbilletter osv. 5-10 EUR

## Medisinske tenester og hjelp

Ambulansehjelp i Russland er gratis for alle, også utanlandske borgere. Ein ringer 03 for å tilkalle ambulanse. Alle som har behov for akutt hjelp vil få det, sjølv om ein ikkje har med seg legitimasjon, obligatorisk medisinsk forsikringsbevis eller sjukeforsikring.

Planlagt medisinsk behandling av tilreisande skjer mot betaling og med nødvendig medisinsk dokumentasjon. Slik dokumentasjon må vere på russisk, som er det offisielle språket.

## Ta seg rundt

Det vert anbefalt å alltid ha med seg et kart over byen ein er i, eventuelt ha tilgang til t.d. Google maps på mobiltelefonen. Dette vil gjere det lettare å finne fram til severdigheiter og spare tid. Viss nokon har gått seg vill, er det betre å spørje om vegen hjå fleire personar, samanlikne informasjonen ein har fått og så bestemme seg for i kva retning ein skal gå.

### **Samtaler til utlandet**

Landkode til Russland er 007, skal du ringe til eit norsk nummer mens du er i Russland må du hugse norsk landkode 0047 framfor nummeret.

### **Offentlege toalett**

På plassar og gater i byane og i nærliken av turistattraksjonar og togstasjonar, finn ein offentlige toalett (som regel må ein betale 10-20 rubler). Gratis toalett finst på nesten alle restaurantar, store kafear, barar, kinoar og underholdningssentra. Æ står for dametoalett, M for herretoalett.

### **Elektrisitet**

Spenningen i strømnettet i Russland er 220 V, frekvens - 50 Hz. Dei fleste stikkontaktar er av standard europeisk størrelse med to hol. Det er lurt å ta med en europeisk eller multifunksjonsadapter.